

Foreldreinfo oktober 2020

Påminning:

Foreldreundersøking frå Udir

Skulen skal gjennomføra ei undersøking blant dykk foreldre kvart år. Undersøkinga målar bl.a. inntrykket de har har skulekvardagen til barnet dykker, korleis de sjølv tenker de føl opp skuclearbeid, kva inntrykk de har av arbeidet til FAU/SU/SMU mm. 1.-4. har og ein del spm. om SFO, dette er aktuelt å svara på for dei av dykk som bruker tilboden.

De har fått ein SMS med link til der de skal svara på undersøkinga. Dersom du har meir enn eitt born på skulen har du fått fleire SMS. Me ber om at ein av dei føresette tek seg tid til å svara ei gong for kvart barn.

Me takkar for deltakinga på førehand, dette gjer oss og FAU viktig informasjon.

For meir info sjå infoskriv om undersøkinga [på heimesida til](#)




Den kulturelle skulesekken

Dette er eit gratis kulturtildot i alle kommunar. I år har me allereie hatt forestillinga Star Wårs for barnetrinnselevane, og me har mykje spanande på tapetet for våren 2021. Bl.a. skal 5.-7.trinn få reisa til Stavanger for å gå på konsert med Stavanger Symfoniorkester! Sjå gjerne [nettsida til DKS Rogaland](#) for meir informasjon om tilboda skulen får.

Info frå FAU/SU/SMU

- Referat frå samarbeidsutvalet finn du [her](#)
- Neste FAU møte er 12.11. Ta kontakt med din klassekontakt om du har saker du vil FAU skal diskutera



Håper alle har hatt ein god oppstart etter haustferien.

Uteområdet til ungdomstrinnet tek form, det vil skje litt smått fram mot våren for å gjere det trivelegare rundt ungdommane ute. Når det blir varmare i veret igjen vil Renate Hermansen kome for å dekorera veggen bak den nye skulpturbenken. Elevrådet skal få koma med innspel til måleriet som skal få tittelen: «På Vikeså skule kan du vera den du er, og velge kven du vil bli»

På barnetrinnet fungerer uteområdet framleis godt, sjølv om me er litt leie soneinndeling i friminutta... Me håpar på masse snø til vinteren slik at Hestabakken kan nyttast fullt ut! Lyskastarane står på slik at skuleområdet skal opplevast trygt, også når det er mørkt ute. Hugs at SFO er åpent til 16.30 og har fortrinnsrett på leikeapparata i smittevernsperiode.

Me ønsker dykk heime ein god november, og minner samstundes om planleggingsdag den 13.11. Skulen og SFO er då stengd.

Mvh

Svanhild Gjedrem - rektor

Gratulerer med farsdag 8.nov til alle typer fedre og bestefedere ☺

